

Gudstenesteordning for kyrkjene i Masfjorden sokn

Føringar for arbeidet til gudstenesteutvalet

Generelle kommentarar

Gudstenesteutvalet har teke utgangspunkt i gjeldande praksis for gjennomføring av gudstenester i kyrkjene våre. Då dette var oppe sist, var det tre ulike sokn som utforma kvar sine grunnordningar, og det har fram til no vore nokre få, mindre skilnader mellom gudstenesteordninga i dei ulike kyrkjene. Revisjon av gjeldande ordningar vil medføre ei felles grunnordning for alle kyrkjene.

Utvalet har lagt vekt på tre omsyn i framlegget til ny grunnordning:

- **Kontinuitet** – dei som kjem til gudsteneste i kyrkjene våre, skal møte noko dei kjenner att og er fortrulege med. Av den grunn har ein vald å behalde dei alternativa som er like, eller ligg nærast opp til, gjeldande praksis.
- **Tilgjengelege ressursar** – vi må sjå til at vi kan gjennomføre gudstenestene etter intensjonen med dei mannskapsressursar vi til ei kvar tid har tilgjengeleg.
- **Respekt for liturgen sin kompetanse** – vi ser på liturgen som ein person med fagkompetanse innan formidling og tilrettelegging, og ynskjer ikkje å leggje føringar som kan hindre liturgen i å førebu og gjennomføre ei heilstøypet gudsteneste, der alle delar underbyggjer kvarandre.

Vi har registrert at det fleire stader i skjemaet er nytta uttrykket «benytter normalt», og har tolka dette som at ein opnar for at det er høve til å gjere justeringar i gudstenester der dette er ynskjeleg.

Litt om kunngjeringar

Gudstenesteutvalet vurderer ordninga med kunngjeringar inne i sjølve gudstenesta som eit litt forstyrrende framandelement. Sjølv om vi forstår den historiske bakgrunnen for ordninga, ynskjer vi å flytte kunngjeringane ut frå sjølve gudstenesta.

Vi ser for oss at vi kan plassere kunngjeringane på to stader, alt etter innhald:

- **Kunngjeringar som gjeld innhaldet i gudstenesta**, til dømes namn på dåpsbarn og kven som vert mottakar av offergåver, vert gitt i samlingsdelen, jfr. skjemaet sitt pkt. 1.1 A.
- **Kunngjeringar som gjeld seinare hendingar**, til dømes tid og stad for neste gudsteneste, vert gitt under postludiet, i form av oppslag på powerpointpresentasjonen som vert nytta ved gjennomføringa av gudstenesta.
Ein må sjå dette i samanheng med at ein ynskjer å byggje opp rutinar for digitale kunngjeringar på heimeside og på sosiale medium, og at ein alt har ei etablert ordning for å bruke plakatar, løpesetlar og andre former for trykt informasjon.

Gjennomgang av dei ulike ledda i gudstenesta

1 : Samling

1.1 Førebuing

A Informasjon om dagens gudsteneste

Dette skjer alltid/normalt under ledd 1, og informasjonen vert normalt gitt av medliturg.

B Anna førebuing

Ein bestrebar seg på at alle praktiske førebuingar er ferdige i tide til at det vert stilt i kyrkja dei siste fem til ti minutta før gudstenesta tek til.

1.2 Inngangssalme / prosesjon

Ein har som regel ikkje prosesjon før fyrste salme. Faste unntak er ved dåp og konfirmasjon.

1.3 Informasjon om dagens gudsteneste vert gitt under ledd 1.1.

1.4 Samlingsbøn

I tråd med oppgitte føringar – sjå side 1 – kan liturg velje inngangsbøn i alle gudstenester.

Liturg kan nytte denne eller ei anna godkjend samlingsbøn:

Gud, vi er komne inn i ditt heilage hus for å ta imot det du vil gje oss.

Lat no opp hjarta våre, så vi kan fornyast i trua på deg.

1.5 Syndsvedkjenning

Synsvedkjenninga er alltid plassert i samlingsdelen.

Synsvedkjenninga blir normalt innleidd med:

L: Lat oss bøya oss for Gud og be om tilgjeving.

Følgjande synsvedkjenning vert nytta etter kort stille:

Gud, ver meg nådig! Eg har synda mot deg og svikta min neste – med tankar og ord, med det eg har gjort, og med det eg har forsømt. Tilgjev meg for Jesu Kristi skuld. Skap i meg eit reint hjarte, og gjev meg kraft til nytt liv ved din heilage Ande.

Liturgen kan seia eit lovnadsord etter synsvedkjenninga:

Guds ord seier: dersom vi sannar syndene våre, er han trufast og rettferdig, så han tilgjev oss syndene og reinsar oss for all urettferd. (1 Joh 1,9)

Ved særskilte høve kan liturg velje synsvedkjenning.

1.6 Bønerop - KYRIE

Kyrkjelyden nyttar normalt allmennserie 1a.

Kyrkjelyden nyttar ikkje serien for fastetida eller festtida.

I andre gudstenester enn høgmessa nyttar kyrkjelyden allmennserie 1a.

Kyrkjelyden nyttar ikkje bønerop utforma som litani.

1.7 Lovsong - GLORIA

Kyrkjelyden nyttar normalt allmennserie 1a.

På høgtidsdagar nyttar kyrkjelyden fullstendig Gloria og Laudamus.

I fastetida vert Gloria utelate.

Ved særskilte høve kan kyrkjelyden nytte andre lovsongar, som

Syng for Herren >>> Måne og sol

1.8 Dagen bøn

Dagens bøn vert normalt nytta i alle hovudgudstenester.

Dåpshandlingar vert normalt utført her.

Om dåp i hovudgudstenesta

A Prosesjon

Dåpsfylgjet deltek i prosesjon under preludium / inngangssalme.

B Markus 10

Teksten vert normalt lesen av ein i dåpsfylgjet.

C Takkebøn

Takkebøna vert normalt lesen av liturg.

D Dåpsbefalinga

Dåpsbefalinga vert normalt lesen av ein i dåpsfylgjet.

E Dåpslys

Det vert tend eit lys for den som vert døypt. Lystenninga skjer etter kvar dåp.

F Takkebøn

Takkebøna kjem direkte etter dåpshandlinga.

G Fadervår

Fadervår er inkludert i hovudgudstenester med dåp utan nattverd.

H Namn på dåpskandidaten

Dåpskandidaten sitt fulle namn vert fyrste gong nemnd ved kunngjeringane i forkant av gudstenesta – jfr. pkt.1.1.A.

2 : Ordet

2.9 Første lesning – frå Det gamle testamentet

Dette vert lese i høgmesser og elles når liturgen bestemmer det.

2.10 Bibelsk salme / salme

Kyrkjelyden nyttar sjeldan eller aldri Bibelsk salme.

2.11 Andre lesning – frå Det nye testamentet utanom evangelia

Dette vert lese i høgmesser og elles når liturgen bestemmer det.

2.12 Evangelium

A Halleluja

Evangelieleisinga blir innleidd med eit hallelujaomkvede eller eit salmevers med hallelujaomkvede. Liturgen vel fritt eit høveleg halleluja for dagen, t.d. 977.4.

B Evangelieprosesjon

Evangeliet vert normalt lese frå lesepult / kor utan særskilt prosesjon.

C Respons

Hallelujaomkvedet blir teke oppatt, eller det blir sunge ein kort salme eller eit anna svarledd ved kyrkjelyd eller kor. På førstedagar kan ein syngja eit høgtidsvers som respons.

2.13 Preike

2.14 Trusvedkjenning - CREDO

Den apostoliske trusvedkjenninga vert alltid / normalt nytta.

Trusvedkjenninga blir normalt sagt fram. Dersom det er dåp i gudstenesta, vil trusvedkjenninga normalt utelatast her.

2.15 Salme

Salmen vert normalt sunge her, men kan ved einvilke høve syngjast mellom preike og trusvedkjenning.

2.16 Kunngjeringar

A Informasjon om dagens gudsteneste

Dette skjer alltid/normalt under ledd 1, og vert normalt gitt av medliturg – jfr. Pkt. 1.1.A

B Kunngjeringar om komande hendingar

Dette skjer alltid/normalt i samband med utsending – jfr. føringane på side 1.

C Helsingar

Det er høve til å framføre helsingar til kyrkjelyden på dette punktet i gudstenesta.

2.17 Syndsvedkjenninga

Synsvedkjenninga er alltid plassert i samlingsdelen – sjå pkt. 1.5

2.18 Forbøn for kyrkja og verda

A Forbønsmodell i høgmessa

Kyrkjelyden nyttar normalt ei bøn basert på fylgjande forbønsmodell :

III. Formulerte forbøner. Forbøn 2.

Men kyrkjelyden ynskjer at liturg skal ha høve til å nytte ei forbøn på ein slik måte at ho best mogleg høver til tematikk i gudstenesta.

Litaniet vert nytta i fastetida.

B Forbønsmodell utanom høgmessa

Kyrkjelyden nyttar normalt fylgjande type forbøn : III. Formulerte forbøner: Forbøn 4.

C Kyrkjelyden nyttar normalt dette kyrkjelydssvaret:

Herre vår Gud, høyr oss når vi bed

D Om å minnst dei døde

Dette er ikkje ein fast del av kvar gudsteneste, men er eit fast innslag ein gong årleg i kvar av kyrkjene våre, der ein minnst dei frå kyrkjekrinsen som har døydd siste året.

2.19 Takoffer frå kyrkjelyden

Takoffer vert normalt teke opp kring alteret. Det er også høve til å gi via VIPPS.

3 Nattverd

3.20 Førebuing av måltidet

A Dekking av bordet

Brød og vin står normalt på alteret frå gudstenesta startar.

B Innsamling av takkoffer

Sjå pkt. 2.19

3.21 Takkseiing og bøn

A Prefasjon

Melodiform for prefasjonen er alternativ A.

B Heilag - SANCTUS

Kyrkjelyden nyttar normalt allmennserie 1.

Seriane for fastetid og festtid vert ikkje nytta.

I andre gudstenester enn høgmessa nyttar kyrkjelyden normalt allmennserie 1.

C Fader vår

Kyrkjelyden nyttar versjonen frå 2011. Vår Far vert normalt sagt fram.

3.22 Nattverdsmåltidet

A Fredshelsing

Kyrkjelyden har ikkje tradisjon for å nytte handtrykk.

B Du Guds lam – AGNUS DEI

Kyrkjelyden nyttar normalt allmennserie 1.

Seriane for fastetid og festtid vert ikkje nytta.

C Utdelingsform

Ein nyttar både utdeling med særbeget og utdeling med intiskjon / dypping.

D Utdelingsstad

Ein nyttar både utdeling ved knefallet og utdeling i koropninga.

E Utdelingsord

Dette er Jesu lekam – dette er Jesu blod.

F Brød

Ein nyttar normalt oblatar.

G Vin

Ein nyttar normalt avalkoholisert raud vin.

H Kyrkjelydssvar

Liturgen seier heile tilseiingsordet og les takkebøna åleine, utan medverknad frå kyrkjelyden.

Utsending

4.23 Velsigning

A Ein nyttar ikkje annan velsigning enn den aronittiske.

B Liturgen har ikkje høve til å velje fritt blant dei 3 alternative velsigningane

C Sjå pkt. B

D Som liturgisk musikk til velsigninga nyttar kyrkjelyden alternativ 1.

4.24 Utgangsprosesjon

Utgangsprosesjon vert praktisert ved konfirmasjonsgudstenester, elles normalt ikkje.

Generelle retningslinjer

A Dåp

Alle / dei fleste hovudgudstenester er opne for dåp.

B Kyrkjelyden står som hovudregel på fylgjande stader

- Inngangsprosesjon, inngangsord og helsing
- Under evangelieproessjonen, halleluja og lesing av evangeliet
- Under trusvedkjenninga
- Under nattverdsliturgien fram til utdelinga
- Under utgangsprosesjonen

C Liturgisk drakt

- Liturgen bærer messehagel under nattverdhandlinga.
- Liturgen bærer messehagelen som festplagg på høgtidsdagar.
- Medliturg nyttar ikkje liturgisk drakt.

D Bruk av kyrkjeklokker

Det er ingen avvik frå retningslinene i Gudstenesteboka.

E Bruk av kross og lys

- Ein nyttar normalt ikkje prosesjonskross.
- Ein nyttar normalt ikkje prosesjonslys.
- Ein nyttar normalt ikkje påskelys.
- Ein nyttar normalt ikkje dåpslys.

F Private opptak av lyd og bilete

Fylgjande retningslinjer gjeld for privat fotografering, og lyd- og biletopptak under gudstenesta:

Det er høve til å fotograferare / gjere videoopptak til privat bruk under gudstenestene, under føresetnad av at dette ikkje verkar forstyrrande inn på gudstenesta.

Ein legg til grunn at den som fotografererer eller gjer opptak er ansvarleg for bruken av bilete og andre opptak, og publiserer desse i tråd med norsk lov- og regelverk, og i tråd med god praksis.

Årsplan

Biskopen i Bjørgvin forordnar fylgjande tal på kyrkjelydane sine hovudgudstenester på søndagar og heilagdagar. Denne forordninga vart gjort for Masfjorden i 2017:

Sandnes kyrkje	15
Frøyset kyrkje	15
Solheim kyrkje	15
Granneheimen	3
Fjon fjellkyrkje	2

= Totalt 50 gudstenester årleg.

Andre tilhøve

Masfjorden sokn har i løpet av det året det har eksistert, ikkje rukke å formalisere og forankre alle planar frå dei tidlegare sokna. Lengst er ein komen med trusopplæringsplanen, av di den alt er felles for dei tre tidlegare sokna.

Etter kvart som ein får på plass nye planar for Masfjorden sokn, vil punkt i planane som har relevans for gudstenesteordninga, verte lagt til her.

Berøringspunkt mellom gudstenesteordning og dei ulike planane

A Trusopplæring

- Utdeling av bøker til fire- og tiåringar skjer i gudstenester, ein gong årleg i kvar kyrkje.
- Trusopplæringstiltak som «Tårnagentar» og «Lys vaken» vert samordna med gudstenesteplanen, slik at desse tiltaka skjer i dei ulike kyrkjene i helger der det er gudstenester her.
- Som ein del av konfirmasjonsførebuinga vert konfirmantane tildelt oppgåver som hjelparar i gjennomføringa av gudstenestene.

B Diakoni

- Årleg vert det halde ei gudsteneste i kvar kyrkje, der ein minnst dei som har gått bort, og der fokus for gudstenesta er tematikk knytt til kyrkja sitt diakonale oppdrag.

C Kyrkjemusikk

- Det har vore gjort forsøk med å etablere eigne kyrkjesonggrupper, men det er enno ikkje laga ein eigen plan for kyrkjemusikk.

E Øvrige planar

- Enn så lenge er det ikkje utarbeidd andre planar som har relevans for gudstenesteordninga.

Unntak

Etter det ein kan sjå, er det ingen avvik i den lokale grunnordninga frå den godkjente ordninga som skulle tilseie at det er grunn for å søkje biskopen om dispensasjon frå godkjent ordning.